



KOPI

Nnp Parsell 17 AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4644 - 21/52588

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
06.08.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 212/150 Eikanger øvre

Tiltak: 2 lagerbygg
Byggjestad: Gbnr: 212/150
Tiltakshavar: Nnp Parsell 17 AS
Ansvarleg søkjar: Rolv Eide AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.05.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjon frå rekkefølgjekrav i føresegn 1.4.4.
Det går fram av føresegna at 70 % av areala i delfelt KBA1 og KBA2 skal byggast ut før ein startar på delfelt KBA3 og KBA4. Delar av eigedomen gbnr 212/150 ligg innanfor KBA3 og det må derfor søkjast om dispensasjon frå rekkefølgjekravet.
2. Det må gjerast greie for/dokumenterast at rekkefølgjekravet i føresegn 1.4.7 som gjeld gang- og sykkelveg er oppfylt.
3. Tiltakshavar og heimelshavar er ikkje same føretak. Det ligg ikkje føre fullmakt frå heimelshavar, som heller ikkje er nabovarsla. Vi legg til grunn at det ligg føre nødvendig fullmakt frå heimelshavar til å gjennomføra tiltaket.
4. Det går fram av situasjonsplanen at det skal etablerast 4 avkøyrslar til eigedomen. Normalt sett ønskjer ein å redusera taket på avkøyrslar frå den enkelte eigedom. Det bør derfor vurderast om det er mogleg å redusera tal avkøyrslar. Det må elles gå fram av situasjonsplanen at avkøyrslene har tilstrekkeleg sikt og at det er mogleg å snu inne på eigedomen.
5. Det er opplyst at bygga skal nyttast til lager for privatpersonar og næringsverksemd, men at det ikkje skal vera arbeidsplassar i bygget slik at samtykke frå Arbeidstilsynet ikkje er nødvendig.

Det går fram av arbeidstilsynet sine heimesider at tiltakshavar har plikt til å søkja om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 viss det skal førast opp bygning eller utførast bygningsmessig arbeid som er søknadspliktig etter plan- og bygningslova, **og** bygget skal nyttast, eller sannsynlegvis vil bli brukt, av ei verksemd som er omfatta av arbeidsmiljølova.

I den grad verksemdar som leiger lokale i bygget er omfatta av arbeidsmiljølova, vil det kunne vera nødvendig å innhenta samtykke frå Arbeidstilsynet.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.09.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nnp Parsell 17 AS

Sandviksbodene 5

5035

BERGEN

Mottakarar:

Rolv Eide AS

Postboks 325

5343

STRAUME